

Til Sunnmøre Veginvest

10. mai 2010

v/ordfører Jan Kåre Aurdal

6230 Sykkylven

Fastlandssamband Hareidlandet - Sula - Ålesund

Utviklinga innan næringslivet i fylket vårt har vore eventyrleg. Den største næringsklynga er den maritime. Omsetninga i 2009 er over NOK 55 milliard. Over 18.000 personar er sysselsette i klynga, (Ref Møreforskning Molde, Hervik og Oterhals). Dei største aktørane ligg i Haram, Ålesund og på ytre søre Sunnmøre.

Aktivitetane i klynga har vorte meir og meir høgteknologisk, og den er i dag ei av dei fremste i verda innan maritim avansert teknologi, både i utvikling og produksjon. Næringslivet har vist stor evne til nyskaping og innovasjon. Dei positive ringverknadene i samfunnet er store. Det gode bu og arbeidsmiljøet vi har i området, ønskjer næringslivet å bevare og vidareutvikle.

For at bedriftene framleis skal utvikle seg, og vidareutvikle og skape nye arbeidsplassar, er tett samhandling og samarbeid mellom Kunnskapsparken, høgskulemiljøa og bedriftene i distriktet heilt avgjerande.

Næringslivet vil gjere det klart for alle som deltek i politiske beslutningsprosessar at det er svært viktig og avgjerande for framtida til Sunnmøre og heile Møre og Romsdal at det vert bygt ut eit fast samband Hareidlandet – Sula - Ålesund.

Det vart i 2009 gjort ei uavhengig vitenskapleg analyse av klynga si betydning for utviklinga, (Rapport nr 9 frå Menon, Oslo). Formålet med analysen var å få fram kva som er viktigaste faktorane for å sikre næringslivet sine mål: at klynga skal halde fram som ei høgteknologisk, livskraftig og innovativ verdsleiande maritim klynge. Ein av konklusjonane (s 41) seier: "Den mest effektive infrastrukturinvesteringen som kan gjennomføres for å bidra til å bringe Maritimt Møre nærmere en integrert kunnskapsregion, er sannsynligvis **fastlandsforbindelse mellom Hareid og Sula.**"

Dermed er ikkje fjordkryssinga ei snever samferdselspolitisk sak, men ei enda større næringspolitisk sak med uvanleg store konsekvensar for dei som bur i fylket vårt no og i framtida.

I St.melding nr 25 (08-09) "Lokal vekstkraft og framtidstru , – Om distrikts- og regionpolitikken" vert følgjande strategiar for å skape lokal vekstkraft og framtidstru presenterte (s 8).

- 1.Betring av grunnlaget for utvikling i dei enkelte regionane ved å styrkje kompetansen, leggje til rette for nyskaping og næringsutvikling, redusere avstandshinder, utvikle livskraftige og trygge lokalsamfunn og fremje berekraftig bruk av naturressursane.
- 2.Utvikle næringsverksemd på område der dei enkelte regionane har spesielle føresetnader
- 3.Særskilt innsats for å møte utfordringane i dei mest utsette områda.

Vi har mange "avstandshinder" på Sunnmøre som må bort snarast råd. Storfjordsambandet, Hamsundsambandet, Børdalslina (RV 650 Valgermo-Viset), Rovdefjordsambandet, Sande fastlandssamband er andre viktige samband som vetar på ei løysing.

I eit globalt konkurrerande næringsliv er fastlandssamband Hareidlandet - Sula- Ålesund heilt avgjerande for konkurranseevna til den maritime klynga på Sunnmøre. Eit fast samband nordover langs denne linja realiserer dessutan regionalt samvirke mellom heile Sunnmøre og resten av fylket. Med Nordøyvegen på plass vil dette få stor positiv betydning for næringsdynamikk og verdiskaping i heile Møre og Romsdal.

Eit samband som går kortaste veg til Ålesund over Hareidlandet stimulerer eit naturleg og naturgitt næringsliv på Sunnmøre for all framtid. Utviklinga av regionen er avhengig av at både lokal, norsk og utanlands kapital framleis vil satse nettopp her. Slik vert det framleis skapt arbeidsplassar i regionen for ein stadig meir velutdanna ungdom. Vender kapitalen oss derimot ryggen, gjer ungdommen det også.

I det ein legg dette til grunn krev næringslivet på Sunnmøre følgjande:

1. Politikerane på alle nivå arbeider aktivt for å realisere det viktigaste ferjefrie stamvegprosjektet på Sunnmøre som er undersjøisk tunnel frå Hareidlandet til Sula og Ålesund.
2. Utgreiinga av dette sambandet skal ha same prioritet og framdrift som dei andre utgreiingane av ferjefrie fjordkryssingar av Stamvegar (Riksvegar frå 01.01.2010) i Møre og Romsdal
3. Politikerane fremjar denne saka vidare til alle relevante instansar snarast.
4. Det må leggast vekt på at utgreiingstida må gjerast så kort som mogleg.
5. Lokalpolitikarane må arbeide aktivt for at sentrale styresmakter stiller med rentefrie lån til finansiering av alle krevjande fjordkryssingsprosjekt i Møre og Romsdal.

Karl Johan Bakken (sign.)
Farstad Shipping ASA

Johannes Alme (sign.)
Fiskestrand Verft AS

Bjørn Bjåstad (Sign.) Bjørn Teigene (sign.)
Hareid Elektriske AS

Njål Sævik (sig.)
Havila Shipping ASA

Sindre Helland (sign.)
Helland Møbler AS

Kåre A. Haddal (sign.)
Jets ASA

Ståle Rasmussen (sign.)
Kleven Maritime AS

Stig Remøy (sign.)
Olympic Shipping AS

Anders Almestad (sign.)
Rolls-Royce Marine AS

Roy Reite (sign.)
STX Europe AS

Gunvor Ulstein (sign.)
Ulsteinkonsernet

Terje Høybakk (sign.)
Maritim Forening for Søre Sunnmøre

Arnfinn Ingjerd (sign.)
Maritimt Forum Nordvest

Kjell Sandli (sign.)
Aalesund Handelsforening

Kopi:

- Ålesundsregionens Utvilkingsselskap v/Ordførar Charles Tøsse, Stordal
- Søre Sunnmøre Regionråd v/ Ordførar Gudny Fagerhol, Ørsta
- Fylkespolitikarar og relevante personar i fylkesadministrasjonen.